



Luster kommune



Skuleåret 2018/2019




INNHOLD

1. Visjon, pedagogisk plattform og satsingsområde	3
2. Organisering	6
3. Samarbeid skule og heim	8
4. Skuleruta og Gaupne skule sitt årshjul.....	12
5. Elevane sitt skulemiljø	14
6. Anna informasjon.....	16
7. Ordens og åtferdsreglar for grunnskulen i Luster	19
8. Ordensreglar for Gaupne skule.....	22



1. Visjon, pedagogisk plattform og satsingsområde





Hovudmålet vårt er at elevane skal nå kompetansemåla i læreplanen. Alle elevar har rett på tilpassa opplæring, og me vil gjere vårt beste for at alle skal nå så langt som mogeleg ut frå dei føresetnadene dei har. For å få til dette, har me sidan 2010 jobba med Vurdering for læring (VFL). Målsetjinga er å bruke dette aktivt i alle fag. Alle lærarar deltek i kommunale fagnettverk i norsk, matematikk eller engelsk. Nettverka har fokus på kompetanseheving og erfaringsdeling.

Me jobbar etter Udir sine fire prinsipp for god undervegsvurdering:

1. Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som vert forventa av dei
2. Elevane skal ha tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
3. Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg
4. Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga fagleg utvikling

Gaupne skule har dette skuleåret fjorten nasjonalitetar representert i elevgruppa. Me er heldige som får høve til å bli kjende med eit mangfold av kulturar, og dette gjev mykje ekstra læring for både elevar og tilsette. Me ynskjer å auke kunnskapen vår om deira heimland, og målet er å arrangere internasjonal dag ved skulen annakvart år.

Skulen sine satsingsområde dette skuleåret er:

Språk:

Luster kommune er plukka ut som språkommune i ei nasjonal satsing. Det inneber at me skal få hjelp til å styrke arbeidet med språk i barnehage og skule, slik at me etter kvart får ein heilskapleg og systematisk plan for arbeidet med språk, lesing og skriving frå borna byrjar i barnehagen til dei går ut av grunnskulen.

Satsinga er ein del av Språkløyper – den nasjonale strategien for språk, lesing og skriving 2016-2019. Lærarane skal jobbe i fagnettverk og såleis auke kompetansen sin på områda i satsinga.



IKT

Digitale ferdigheiter er ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Gaupne skule har svært gode rammevilkår når det gjeld utstyr, og me ynskjer å få til ei systematisk opplæring av digitale ferdigheiter på alle trinn. For å få til dette, brukar me



www.iktplan.no Lærarane må sjå kva som er kompetansemåla på kvart trinn, og legge desse inn i dei ulike faga.

Me ynskjer også å auke den digitale kompetansen i personalet, og set av mykje møtetid til å setje oss inn i ulik programvare. Alle elevar og tilsette i grunnskulen i Luster er brukarar i Office 365, og kan jobbe frå denne plattforma både på skulen og heime. Ein del av klassane har starta å bruke OneNote som verktøy, og fleire vil ta til med dette etter kvart.

Dei siste åra har me investert i Surface/Acer Switch til elevane, og har no halve klassesett til fem klassar. Dei klassane som ikkje har sjølve, får låne hjå dei andre etter behov.

2. klasse brukar «Skrive seg til lesing+» i lese- og skriveopplæring. Det inneber at dei får lese opp bokstavlyden når dei brukar tastaturet. Dei skulane som har jobba med STL+, kan dokumentere særskilt god effekt på elevane si leseutvikling.

Psykisk helse/Læringsmiljø

I desember 2016 vedtok Sogn regionråd ein regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge. Planen er forankra hjå alle kommunane i vår region, og legg rammer for korleis me skal auke kompetansen vår på dette viktige området. Alle tilsette i skular og barnehagar skal gjennom ei basisopplæring. Førre skuleår deltok heile kollegiet ved Gaupne skule i eit prosjekt som heiter KLAPP. Det er eit eige kurs som omhandlar arbeid med positiv psykisk helse i læringsmiljøet. Me hadde fire samlingar og mellomliggjande arbeid gjennom heile skuleåret.

Luster kommune deltek saman med sju andre kommunar i Sogn i eit stort Læringsmiljøprosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet. Det hadde oppstart i januar 2018, og det lokale namnet er IBOS (inkluderande barnehage- og skulemiljø i Sogn). Det er laga ein plan for arbeidet, og kommunane vil få støtte og rettleiing frå Læringsmiljøsenteret i Stavanger og Høgskulen på Vestlandet. Planen legg til grunn at det blir lagt til rette for tidleg innsats. Det betyr for det første at det blir jobba systematisk, og at det blir sett inn tiltak tidleg i utdanningsløpet for å fremje trygge og gode barnehage- og skulemiljø, at det blir arbeidd kontinuerleg med å førebyggje og handtere mobbing. For det andre betyr det at det blir sett i verk tiltak tidleg når barn og unge opplever at dei ikkje har trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Elevar og føresette skal involverast i arbeidet.





2. Organisering

Administrasjon:

Rektor - Linda Øvregard Røhme
Inspektør - Anne-Lise Bakken
Teamleiar småteam - Mai Ingvill Navarsete
Teamleiar mellomteam - Edwin Hjelmhaug
Vaktmeister - Ole Magne Leirdal
Reinhaldarar - Målfrid Olsen, Birgit Stenehjem

Dette skuleåret er det 144 elevar ved skulen og vi har følgjande klasse- og teaminndeling:

Klasse	Tal elevar	Klasseteam
1.	17	Arve Bjørn Røneid – kontaktlærar Bjørg Irene Svangstu – lærar
2.	12	May-Tone Feten Høyheim - kontaktlærar Elisabet Ekrene – lærar
3.	23	Øivind Kristiansen – kontaktlærar Ragnhild Stangeland Lillebostad - kontaktlærar Gunn Bente Fristad – assistent
4.	19	Mai Ingvill Navarsete – kontaktlærar Einvald Erichsen – kontaktlærar
5.	22	Tomas Kjørlaug – kontaktlærar Siv Anja Kvalsøren – kontaktlærar Gunn Jorunn Svingum – assistent
6.	31	Anne Perlaug Fossøy – kontaktlærar Edwin Hjelmhaug – kontaktlærar Åsmund Øgar – lærar Sølvi Steig – lærar Marita Joranger Elvagjeng – lærar Gunn Jorunn Svingum – assistent
7.	20	Rune Eckhoff – kontaktlærar Stine Mari Flikki – kontaktlærar Brede Fardal Haukereid – lærar/miljørettleiar Marie Stølen Ørbeck – assistent
Totalt	143	18 lærarar og 3 assistentar

Skuledagen er inndelt slik:

- 09.00-10.30: 1. økt
10.30-10.50: Friminutt m/frukt
10.40-11.35: 2. økt
11.35-12.20: Matfriminutt. Elevane kan gå ut etter kl. 11.50.
12.20-13.50: 3. økt. Skuleslutt for elevane i 1.-4. kl. (onsdagar er dei ferdige 13.35)
13.50-14.10: Friminutt for 5.-7.kl
14.10-14.55: 4. økt



Skuleåret 2018-2019

Skulefritidsordninga (SFO):

Sfo har eit stort fellesrom, eit lite leikerom, eit legorom og eige kjøken. Dette skuleåret vil det vere tilsett fem assistenter. Rektor er overordna ansvarleg, og Marie Stølen Ørbeck tek seg av dagleg drift og innkjøp. Alle spørsmål som gjeld oppseiing/endring av plass må difor rettast til rektor. Sfo har ope frå kl. 07.15 – 09.00 om morgonen og frå kl. 13.50 – 16.00 om ettermiddagen kvar dag. I tillegg er det ope i alle skuleferiar. I god tid før kvar ferie vert det sendt ut ein melding frå Visma til alle som har Sfo-plass. Her kan de melde på barnet dykkar dersom de har behov for Sfo i ferien. Dersom de har bruk for fleire timer enn det de allereie betalar for, heil plass 19,75 t. og halv plass 11 t., vert de fakturert etter gjeldande timesatsar (sjå betalingsvedtekten på kommunen si heimeside for å finne eksakt pris). Sommarferien ligg ikkje inne i den faste prisen, så her gjeld dagsprisen alle dagar. Påmelding til sommarferien må leverast innan midten av mai. Her skriv de opp kva dagar de ynskjer å nytte i ferien. Påmeldinga er bindande. Sfo har feriestengt dei tre siste vekene i juli.

Sfo startar med uteaktivitet i 20 minutt kvar ettermiddag. Når borna kjem inn, er det måltid. Det er frukt to dagar i veka, knekkebrød med pålegg to dagar og varmt måltid ein dag. Matpengane vert fakturert saman med foreldrebetalinga kvar månad.





3. Samarbeid skule og heim

Skulen ynskjer eit tett samarbeid med føresette som er tufta på likeverd og respekt for kvarandre. Det er viktig at ein kommuniserer godt begge vegar. Dersom det skulle oppstå vanskar, vil tidleg og felles innsats som regel løyse problemet.

Alle elevane får utdelt leksemappe i starten av skuleåret. Det er viktig at de som foreldre held dykk oppdaterte ved å sjå i den. Elevane får vekeplan kvar veke og bolkplan m/bolkinfо kvar sjette veke. På desse planane vil de i tillegg til timeplan, vekemål og lekser, også få informasjon om t.d. turar, konsertar og andre planlagde fellesaktivitetar. Nokre av klassane har eigne, lukka grupper på Facebook, og då vil mykje av informasjonen gå via dei. Fellesskriv vil i hovudsak verte sendt ut som melding i Visma Flyt Skule. Skriv som må sendast som ranselpost, vil bli kopiert opp i eitt eksemplar til kvar heim, sjølv om ein har fleire born ved skulen. Skrivet vert då delt ut til det yngste barnet dykkar.

Når foreldra til eleven ikkje bur saman, sender me heim informasjon til den av foreldra som har det daglege ansvaret. Dersom begge ynskjer informasjon, kan de gje melding til kontaktlærar om dette. Meldingar frå Visma vert automatisk sendt til begge foreldra.

Skulen har også eiga heimeside. Etter at me innførte samhandling via Visma Flyt Skule, og FB-grupper i ein del klassar, har bruken av denne vorte sterkt redusert. De vil likevel kunne finne ein del informasjon om skulen der. Adressa til heimesida er www.oppvekst.luster.no/gaupneskule

Føresette skal i utgangspunktet nytte Visma Flyt Skule til meldingar, men det er også mogeleg å ringe forkontoret (57 68 57 40). Dersom eleven er sjuk, er det ynskjeleg at de gir beskjed om dette til skulen. Fråvær skal alltid skrivast i Visma. Dette gjeld sjølv om de har ringt til skulen og sagt frå om at barnet vert heime.

Foreldremøte

I byrjinga av september har me felles foreldremøte for alle klassane i aulaen. Då går rektor/inspektør gjennom mellom anna felles reglar og ordensreglement, elevane sine rettar i høve til Opplæringslova §9a, skulen sine satsingsområde og rutinar for foreldresamarbeidet på skulen.

I tillegg til dette, har kvar klasse eit eige foreldremøte der ein mellom anna går gjennom klassen sine reglar og rutinar, korleis ein arbeider med læringsmiljø i klassen, «Dette forventar skulen av deg», fortel litt om dei ulike faga og kven som skal undervise i dei. 1., 2., 4. og 6.klasse har val av klassekontakt og vara for denne. Desse to er tillitsvalde i klassen og har som oppgåve å vera felles kontaktledd mellom foreldre og lærar/skule. Klassekontaktane i 1. klasse er vald for eitt år, dei andre for to. Klasseforeldremøta vert lagt til same dag som fellesmøtet.

Tysdag i veka før vinterferien er det alltid storforeldremøte på Gaupne skule. Alle heimane får invitasjon i god tid på førehand.

17.mai-komitè

I Gaupne er det foreldra til 6.klasse som er heile bygda sin 17.maiomitè. Dei plar ha sitt første møte i overgangen februar/mars, og leiar frå førre års komitè plar vere til stades for å gi den informasjonen som trengs. Overskotet går til FAU sin felleskonto, og skal dekke klassetur til Bergen i 7.klasse.

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

FAU ved Gaupne skule er sett saman av alle klassekontaktane frå 1. - 7. klasse. Dei har 4-6 møte kvart skuleår. FAU drøftar saker som vedkjem skulen. Arbeidsoppgåvene for medlemene i FAU er mellom anna å arrangere aktivitetar i klassane, samt den praktiske



gjennomføringa av jule- og sommarfesten. FAU vel eit styre som består av leiar, nestleiar, skrivar og kasserar. Frå styret møter leiar og nestleiar i Samarbeidsutvalet for Gaupne skule.

Samarbeidsutval (SU) / skolemiljøutval (SMU)

Ved alle grunnskular skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisingspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skulen. Rektor har rett til å møte, tale og kome med framlegg. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover og forskrifter, vert handsama i samarbeidsutvalet. Ved Gaupne skule fungerer Samarbeidsutvalet også som Skolemiljøutval (SMU). På møta i SMU er det to ekstra representantar - ein frå FAU og ein frå elevrådet. Dette er for å sikre at foreldre og elevar har fleirtal i utvalet. SMU skal sjå til at elevane sine rettar i høve til § 9a i Opplæringslova blir følgde. Denne paragrafen omhandlar elevane sin rett til å ha eit godt fysisk og psykososialt skolemiljø. Representantane i SMU har eit særskilt ansvar for å informere elevar og foreldre om kva rettar dei har, og rettleie dei i høve til korleis dei skal gå fram dersom dei meiner at desse rettane ikkje er oppfylte. SU/SMU pleier å ha fire møte kvart skuleår.

Utviklingssamtalar:

To gonger i året vert føresette invitert til utviklingssamtale/foreldresamtale saman med kontaktlærar. Eleven kan vere med på heile eller deler av samtalet. Ein går gjennom eleven si faglege og sosiale utvikling. Ein set i fellesskap opp mål for vidare utvikling.

Leksehjelp:

Elevane i 4.- 7.kl har tilbod om leksehjelp i til saman to timer kvar veke. Det er leksehjelp rett etter skuletid mandag, tysdag og onsdag. Elevane vert delte inn i grupper dersom det er naudsynt. Det er ein pedagog og ein eller to assistenter som har ansvar for kvar si gruppe med leksehjelp. Ordinær skuledag vert avslutta kl. 13.50 på mandagar. Elevar som skal delta på leksehjelp denne dagen, har friminutt ute i 20 minuttar. Elevane må sitje tida ut, dvs. til kl. 15. Dersom dei vert ferdige med dei ordinære leksene sine, vil dei få tilbod om andre læringsfremjande aktivitetar. Tysdag og onsdag er skuledagen ferdig kl. 14.55, og elevane går direkte på leksehjelp. Leksehjelpa varer til 15.30. Elevar som deltek på leksehjelp mistar eigentleg retten til skuleskyss, men frå august 2018 får dei løyve til å ta skulebussen kl. 15 på mandagar.

Tilbodet om leksehjelp er gratis for elevane, og det er frivillig å delta. Alle elevar som ynskjer det, skal ha høve til å delta. Elevar som har plass i SFO kan gå attende dit etter leksehjelpa. Leksehjelp skal være eit tilbod om hjelp til skulearbeid uavhengig av om elevane har lekser i tradisjonell forstand eller ikkje. Ordninga inneber inga endring i skulen sin fridom til å bestemme om og kor mykje lekser som skal gjevast.

For å kunne organisere tilbodet, må me ta opp påmelding til ordninga. Påmeldingsskjema vert sendt ut ved skulestart. Ein kan melde seg på ein, to eller tre dagar. Det vert føreteke opprop i byrjinga av kvar økt. Dersom elevar av ulike grunnar ikkje skal vere med ein dag, må føresette sende melding i Visma. Dersom ein ikkje lengre ynskjer å nytte seg av tilbodet, kan ein melde seg av ved å gje beskjed til inspektør som administrerer ordninga. Elevar som har SFO-plass desse dagane, vil få frådrag i foreldrebetalinga med gjeldande sats.

Søknad om skulefri

Dersom barnet dykker av ein eller annan grunn har behov for fri frå skulen, kan de søkje om dette. Ved behov for fri i inntil to dagar, kan de søkje ved å sende melding gjennom Visma Flyt Skole. Kontaktlærar kan gje permisjon. Dersom eleven skal søkjast fri i meir enn to dagar, må ein nytte eige søknadsskjema som ligg på skulen



www.oppvekst.luster.no/gaupneskule og kommunen www.luster.kommune.no si heimeside. Rektor kan etter opplæringslova § 2-11 gi fri i inntil 10 dagar. Her står det: «Det er eit vilkår for retten at foreldra syter for naudsynt undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmente undervisninga etter at permisjonstida er ute» Kontaktlærar kan gje råd og rettleiing om kva for bøker og stoff ein bør arbeide med i fråværsperioden.

Me ber dykk tenkje grundig over kva tidspunkt de ber barnet dykker fri på. Våre erfaringar tilseier t.d. at det er uheldig å ta barnet ut av skulen i byrjinga av eit skuleår.

Utekle og innesko

Det er heimane sitt ansvar at eleven har med seg det utstyret som trengs til ei kvar tid. NB!! Merk klede og sko med namn. Dei yngste elevane skal alltid ha ein pose med byteklede hengande i garderoben. Alle elevane skal bruke innesko på skulen. I gymskotidene skal elevane ha med gymklede, joggesko og handklede dersom ikkje noko anna er avtalt med kontaktlærar.

FORVENTNINGAR HEIM – SKULE

Eleven

Me forventar at du...

- kjem tidsnok til timen og er klar med bøker og utstyr
- spør dersom det er noko du ikkje skjørnar
- gjer leksene dine til avtalt tid
- lyttar til andre
- tåler å ikkje få viljen din
- føl skulereglane og tek imot beskjedar på ein positiv måte
- føl opp klassereglane
- tenkjer fellesskap og samarbeid med dei andre i klassen
- snakkar fint til dei andre
- har orden på bøker og utstyr
- tek ansvar for kva du meistrar/ikkje meistrar
- klarar å kle deg sjølv
- er delaktig i timane
- er positivt aktiv i friminuttane
- tek ansvar på skulevegen
- held avtalar
- gjev andre ros og oppmuntring

Foresette

Me forventar at de:

- motiverer eleven til skullearbeidet
- syter for at eleven kjem på skulen til rett tid
- føl opp lekser, sekken, klede, sunn nistepakke og anna utstyr
- er positiv til skulen ovanfor eleven og andre
- kontaktar skulen dersom det er noko de lurer på
- er open for fagleg rettleiing frå skulen
- føl opp skulen sine mål, visjonar og andre aktuelle tema
- møter til fastsette samtalar, felles foreldremøte og elevarrangement
- gjev skulen den informasjonen me treng for å drive god undervisning
- syter for at eleven er opplagd til skuledagen
- nyttar Visma til beskjedar
- er merksam på at heimen har hovudansvaret for oppsedinga av borna
- gjev positive tilbakemeldingar/ros til skulen der det er naturleg



Læraren

Me forventar at du:

- stiller førebudd og presis til undervisningsøkta
- ser den einskilde elev
- gjev ros
- stiller krav
- er venleg og blid
- gjev elevane tryggleik
- føl skulen sine planar og reglement
- lærer elevane det dei treng i dei ulike faga
- har klare mål på fagplanane og på vekeplanane
- samarbeider med dei andre på teamet/skulen
- er høfleg og respektfull
- er ein tydeleg leiari i klasserommet
- driv tilpassa undervisning
- gjev elevane læringsfremjande rettleiing
- lærer elevane folkeskikk
- syner nulltoleranse mot mobbing
- legg opp til at elevane er i fysisk aktivitet
- er rettferdig
- held orden
- har evne til å vise omsorg for elevane





4. Skuleruta og Gaupne skule sitt årshjul

Skuleruta:

Skuleruta gjev oversyn over når elevane har ferie og når skulen skal starte/slutte. Den er som regel klar tidleg om våren, og er å finne både på heimesida til skulen www.oppvekst.luster.no/gaupneskule og på heimesida til kommunen www.luster.kommune.no

Årshjulet

Årshjulet syner den samla aktiviteten ved skulen pr. månad, og det ser slik ut:

August

- Bestille skolemjølk
- Bestille frukt
- Påmelding til leksehjelp
- Fjelltur for heile skulen: Flatningane-Høyheimsvik (v.35, 36 eller 37)
- 6. klasse til Fivla (v.36 eller 37)

September

- Foreldremøte i alle klassar, val av representantar til FAU
- Fyrste møte i FAU og SU/SMU: Konstituering, setje opp møteplan
- Klassemøte på mellomsteget: Val av representantar til elevrådet (innan 10.09)
- IOP for elevar med sped.ped. vedtak skal vere klare innan 15.09
- Varsla brannøving: Veke 38
- Livredningsprøve for alle lærarar som skal ha symjing
- Trivselsundersøking
- HSP-team (04.09)
- Påmelding til SFO i haustferien
- Kartleggingsprøvar i norsk og matematikk for alle elevar (veke 40)

Oktober

- Haustferie (veke 41)
- Leseveke småskulen (veke 42)
- Leseveke mellomtrinnet (veke 45)
- Nasjonale prøvar i norsk, matte og engelsk for 5. trinn (veke 42 – 44)
- Elevamtalar (v.42-44)
- Utviklingssamtalar (v.44-46)
- HSP-team (16.10)
- Evaluering av resultat på nasjonale prøvar, setje i verk tiltak/lesekurs

November

- Skulelunsj
- HSP-team (20.11)

Desember

- Juleverkstad (veke 49)
- Påmelding til SFO i juleferien
- Julefest (12.12)
- Grautfest (veke 51)
- Møte mellom PPT og skule
- Julegudsteneste



Januar

- Planleggingsdag onsdag 02.01
- HSP-team (08.01)
- Påmelding til SFO i vinterferien

Februar

- Uvarsla brannøving med evaluering og rapport
- Mattedag småskulen (v.6)
- Mattedag mellomtrinnet (v.6)
- Storforeldremøte (v.7)
- Vinterferie (v.8)
- HSP-team (12.02)
- Skidag (v.9-10-11)
- Kartleggingsprøvar i norsk og matte for alle elevar (innan v.10)

Mars

- Spes.ped søknader til PPT
- Påmelding til SFO i påskeferien
- Elevsamtalar (v.9 og 10)
- Utviklingssamtalar (v.11, 12 og 13)
- Påskeferie (veke 16: 15.04-22.04)

April

- HSP-team (02.04)
- Førskuledag
- Bosplukking i bygda (30.04)
- 7.klasse på skuletur til Bergen (v.17, 18 eller19)

Mai

- Påmelding til SFO i sommarferien
- Førskuledagar, tre stk.
- Tinestafett
- Nasjonale kartleggingsprøvar for 2., 3. og 4. trinn, oppsummering og evaluering av resultat
- Evaluering av skuleåret i elevråd, FAU, SU og kollegiet
- Evalueringsmøte for elevar med IOP (skule, føresette, PPT)
- HSP-team (07.05)

Juni

- Padle- og orienteringsdag på Hafslo for mellomsteget
- 5. klasse til Sørsida (v.21 eller 22)
- Planleggingsdag for neste skuleår, 2 ettermiddagar
- Årsrapportar til rektor/ spesped.koordinator
- Sommarfest for elevar og føresette (12.06)
- Idrettsdag (14.06)
- 7. klasse på besøk til LUS



5. Elevane sitt skudemiljø

Elevane sitt skudemiljø § 9a i opplæringslova:

Retten til eit trygt og godt skudemiljø etter opplæringslova § 9 A-1 gjeld for alle som er elevar på barnetrinnet, ungdomstrinnet og i vidaregåande skole. Reglane om elevane sitt skudemiljø gjeld i timer og friminutt på skulen, på skulevegen, i leksehjelp som er i skulen sin regi og i skulefritidsordningar (SFO). Reglane gjeld også når skulen, leksehjelpa eller SFO har aktivitetar utanfor skolen sine bygningar/område, eller er i lokale utanfor skolen sitt område. Kapittel 9 A gjeld i utgangspunktet ikkje på fritida, men viss elevane opplever noko på fritida som gjer at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, så må skulen likevel handle i høve til aktivitetsplikta frem til eleven har det trygt og godt på skulen att.

Eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skudemiljø, og det er eleven si eiga subjektive oppfatning som avgjer om skudemiljøet er trygt og godt jf. opplæringslova § 9 A-2. Skulen og skuleeigar har ei plikt til å handle i høve til aktivitetsplikta, slik at eleven sin rett blir oppfylt. Skulen skal også jobbe kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.

Sjølv om alle elevar har rett til eit trygt og godt skudemiljø, skal ikkje skulane lenger fatte enkeltvedtak om dette. Skulen skal handle i høve til aktivitetsplikta, og eleven/foreldra kan melde saka til fylkesmannen, som fattar enkeltvedtak i saka, med klagerett til Utdanningsdirektoratet.

Skulane skal ha nulltoleranse mot krenkingar, jf. opplæringslova § 9 A-3. Døme som vert nemnt i lova er mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, men skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlige krenkingar. Verken direkte handlingar som til dømes hatytringar, eller meir indirekte krenkingar, som utesenging, isolering og baksnakking skal tolererast. Kva som er ei krenking skal tolkast vidt, men ikkje slik at alle kritiske utsegn eller usemje er krenkingar. Skulen si oppgåve er også å lære elevar å tenkje kritisk og å respektere andre sine meiningar og overtydingar.

Aktivitetsplikt: Alle elevar har rett til eit trygt og godt skudemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. For å sikre elevane denne retten, har skulen ei aktivitetsplikt etter opplæringslova § 9 A-4. Føremålet med denne aktivitetsplikta er å sikre at skulane handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Skulen si aktivitetsplikt er delt i fem handlingsplikter. Alle som arbeider på skulen har plikt til å *følgje med, gripe inn og varsle* viss dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skudemiljø. Skulen har plikt til å *undersøke og sette inn eigna tiltak* som sørger for at eleven får eit trygt og godt skudemiljø.


Aktivitetsplikta pålegg skulen å syte for elevane sin medverknad. Dette gjer ein ved at involverte elevar blir hørt og at barnet sitt beste skal være eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid. Skulen må ta omsyn til barnet sitt beste i alle vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta.

Skulen har også eit todelt dokumentasjonskrav. Det vert stilt krav både om at skulen lagar ein skriftleg plan når det vert sett inn tiltak i ei sak og at skulen meir overordna dokumenterer kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Krava til dokumentasjon gjer at skulen seinare kan vise kva dei har gjort, og det kan blant anna bidra til ein fagleg forsvarleg og hensiktsmessig praksis ved skulane.

Det er ei skjerpa aktivitetsplikt i saker der tilsette krenker elevar, jf. opplæringslova § 9 A-5. Dersom ein som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein anna



som arbeider på skolen utset ein elev for krenkingar som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkomande straks varsle rektor. Viss det er ein i leiinga som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.





6. Anna informasjon

Inspeksjon

I friminutta er det til ei kvar tid fire vakter ute. Dei er plassert i kvart sitt vaktområde. Vaktene skal ivareta elevane sin tryggleik og passe på at alle har det bra. For at ingen skal vere i tvil om kven som er vakt, har dei på seg gule refleksvestar.

Tilpassa opplæring

I Opplæringslova §1-3 vert det slått fast at opplæringa i skulen skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå kvar einskild elev. Alle elevar, også dei med særlege vanskar eller særlege evner på ulike område, må få møte utfordringar som svarer til føresetnadene deira. Individuell tilpassing er nødvendig for at alle elevar skal få eit likeverdig tilbod. Målet er at alle elevar skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Skulen si evne til å gje elevane opplæring som tek vare på den faglege og sosiale utviklinga innanfor rammene av den ordinære opplæringa, er med på å avgjere behovet for spesialundervisning.

Kartlegging og testing

For å kunne tilpasse undervisninga, må vi kjenne elevane sine evner og føresetnader. Det vert difor gjennomført kartleggingsprøvar i matematikk og norsk for alle elevar to gonger kvart år. Med bakgrunn i resultata vert undervisninga tilpassa eleven, og ein kan ved behov setje inn tiltak tidleg. Testane gjer det i tillegg lettare for oss å måle elevane si faglege utvikling. 1., 2. og 3. klasse har nasjonale kartleggingsprøvar i norsk og matematikk. 3. klasse har også prøve i engelsk, medan 4. klasse har kartlegging av digitale ferdigheter. Alle elevar i 5. klasse har i tillegg nasjonale prøvar i engelsk, norsk og matematikk. Desse vert gjennomført på same tidspunkt over heile landet, og resultata vert ført inn i PAS (Utdanningsdirektoratet sitt prøveadministrasjonssystem).

Spesialundervisning § 5 i opplæringslova

Etter opplæringslova har barn rett til spesialundervisning dersom dei ikkje har utbyte av ordinær undervisning. Det er PPT som er sakkunnig instans. Dei testar barnet og avgjer om det treng spesialundervisning. Dersom føresette er uroa for barnet si faglege- og eller sosiale utvikling, kan dei ta opp dette med kontaktlærar. Elevar som får vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP (individuell opplæringsplan) og det skal skrivast ein årsrapport der ein evaluerer dei ulike tiltaka ein har gjennomført.

HSP-team

Alle skular og barnehagar i Luster kommune har eit helse- og sosialpedagogisk team. Dette er sett saman av helsesyster, PPT, barnevern og rektor. I tillegg vert lærarar kalla inn etter behov. Teamet har møte ein gong i månaden. Alle saker vert handsama anonymt. Dersom ein av særskilde grunnar ynskjer å drøfte namngitte elevar, må ein innhente skriftleg samtykke frå føresette på førehand.

Lesing og skriving i alle fag

Me ynskjer å ha ei heilskapleg og systematisk lese- og skriveopplæring på alle trinn. Alle lærarar skal vere lese- og skrivelærarar, og dei skal nytte lese- og læringsstrategiar i undervisinga si i tråd med den kommunale leseplanen. Ein lesestrategi er ein framgangsmåte for å lese på ein god og effektiv måte. Me ynskjer at elevane våre skal verte gode lesarar som kan utnytte bakgrunnskunnskap, er aktive medan dei les, snakkar og diskuterer det dei les, les mykje på eige initiativ og ikkje minst vel ein høveleg lesestrategi. Den gode lesar må verte opplærd til å vere kritisk til både kjelde og innhald, i bøker og på nett.

Me har framleis stort fokus på tidleg innsats og auka læringstrykk i småskulen. Alle elevar i 1.-4.kl. skal lese minst 15 minuttar på skulen kvar dag og 15 minuttar heime. Både skule og heim skal kvittere på eit lesekort. Auka lærartettleik i norskfaget og lesekurs skal vere med på å førebyggje lesevanskars. Alle klassar skal ha faste bibliotekbesøk minimum annankvar veke.



Lesekurs

Etter gjennomføring av kartleggingsprøvane, samt screening av alle elevar i 2. og 3.klasse med Aski Raski, vil elevar som ikkje syner forventa fagleg progresjon, få tilbod om intensivt lesekurs. Det er foreldra som avgjer om dei vil at barnet skal nytte seg av tilboden. Det er skulen sin spes.ped.koordinator, Anne-Lise Bakken, som er ansvarleg for lesekurset.

Morgonsamlingar

Ein morgen i veka, etter at skuleåret har kome godt i gong, samlast alle elevane i aulaen. Dei sit klassevis i rekker på to og to. Klassane har etter tur ansvar for å presentere noko frå scena. Dette kan vere songar, dansar, diktopplesing, sketsjar mm. Foreldra er hjarteleg velkomne som tilskodarar. Ein vil finne informasjon om morgonsamlingane på vekeplanen til den klassen som skal opptre.

Helsesyster

Skulen si helsesyster heiter Anne Helen Strandabø. Ho har eige kontor på grupperommet ved hovudinngangen. Kontortida hennar er tysdagar og torsdagar frå kl. 9.00 til 15.00. Helsesyster er tilgjengeleg for både elevar, føresette og lærarar. De kan kontakte ho på telefon 57 68 56 06 (helsesenteret), på mobil 458 78 041 eller sende e-post på anne.helen.strandabo@luster.kommune.no. Vaksinasjon vert gjort etter ein oppsett plan, og føresette vil få eigen informasjon om dette i god tid på førehand. Vaksinasjonen vert frå og med i haust gjennomført på skulen. Føresette har sjølv sagt høve til å vere med barnet sitt dersom dei ynskjer det.

Symjeopplæring

1.-4.kl har symjing annankvar veke, medan 5.-7.kl har kvar veke. All symjeundervisning går føre seg i Lustrabadet. Læreplanen seier at alle skal kunne symje etter 4.klasse. Dersom ikkje det er tilfelle, vil lærar i samarbeid med heimen sette fokus på det.

Felles skulemåltid

Som ein del av opplegget i faget mat og helse, arrangerer 6. klasse skulelunsj for alle elevar, tilsette og inviterte gjester om hausten. Førebuingane til dette tek til rett etter skulestart. Veggane vert opna opp, og ein dekkjer til alle i aulaen. 1. klassingane sit saman med fadrane sine, og fadrane er svært flinke til å gje dei yngste den hjelpe dei treng. Dette er ei flott tilstelling som har lange tradisjonar ved skulen. Ein annan tradisjon er grautdagen me har rett før juleferien. Då bestiller me graut frå Gaupne omsorgssenter, og 7. klassingane er flinke servitørar.

Mjølk

Alle som ønskjer det, kan få bestille skulemjølk. Elevane kan velje mellom lett- og ekstralett mjølk. Kvar kartong inneheld ¼ l mjølk. Det vert sendt ut bestillingslapp i byrjinga av kvart skuleår. Denne må signerast av føresette. Ein kan betale i nettbanken. Ver merksam på at betalingsinformasjonen står på bestillingslappen. Det blir sendt ut betalingsmelding to gonger i året.

Skulefrukt

FAU har vedteke at det skal leggjast til rette for at dei som ynskjer det, kan abonnere på skulefrukt gjennom www.skolefrukt.no. Skulen er difor meldt inn i ordninga, og føresette kan gå inn og bestille frukt til sitt barn. Frukta vert levert til skulen, og delt ut på same måte som skulemjølka. Ein betalar direkte til skolefrukt.no, så skulen er ikkje involverte i administrasjonen av ordninga. Informasjon om dette vert delt ut som ranselpost ved skulestart.



IKT

Skulen har datalab med 30 elevmaskiner og ein projektor. I tillegg har alle klasserom digital tavle. I aulaen har me projektor og eit stort lerret. Dei siste åra har me kjøpt inn Surface/Acer Switch til klassane, og fem av klassane har no tilgang til halve klassesett med desse. Dei andre klassane kan låne etter behov. Skulen brukar Office 365. Alle elevar har eit personleg brukarnamn og passord i Feide som dei brukar når dei skal logge seg på skulen sine maskiner. Dette brukar dei også når dei loggar seg på heimanfrå. Alle elevar kan laste ned Office 365 gratis på inntil fem ulike maskiner/telefonar/I-padar til heimebruk.

Entreprenørskap

Me ynskjer at elevane våre skal bli kreative, initiativrike, merksame på mogelegheitene i nærmiljøet sitt og stolte over dei kvalitetane som finnест i kommunen vår. Me har difor laga ein entreprenørskapsplan med følgjande hovudmål:

- Auke elevane si kunnskap om eiga bygd, eigen kommune og eigen region
- Auke elevane si identitetskjensle, utvikle "Lustridentitet"
- Styrke samarbeidet mellom skule og lokalsamfunn





7. Ordens og åtferdsreglar for grunnskulen i Luster

(basis for alle skulane – vedteke av rådmannen 10. april 2018)

Forskrift om felles basisreglar:

Ordensreglar for grunnskulen i Luster er heimla i opplæringslova:

(§ 9A-10 Ordensreglement, § 9A-11 Bortvising, § 8-1 Skolen,
§ 9A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø, § 9A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid,
§ 9A-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø,
§ 9A-9 Informasjonsplikt og rett til å uttale seg)

Basisreglar for grunnskulen i Luster er vedtekne av rådmannen, jf. delegert mynde, som ei forskrift og med høve for samarbeidsutvalet ved den einskilde skule til å leggja til meir utførlege reglar.

A: Kvifor har me ordens- og åtferdsreglar?

- Skulen er elevane og dei tilsette sin arbeidsplass, og her ønskjer me alle å ha det triveleg og trygt. Derfor oppfører me oss venleg og høfleg overfor kvarandre. Særleg tek eldre elevar omsyn til dei som er yngre.

B: Kva rettar og pliktar har du som elev?

- Som elev har du krav på:
 - at alle behandler deg på ein ordentleg måte
 - at andre viser deg respekt og la dine eigendalar vera i fred
 - at du skal vera fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/mobbing
 - at du får eit godt lærings- og skolemiljø
 - at lærarar og tilsette grip inn og reagerer mot mobbing
- Som elev har du plikt til å:
 - behandla andre på ein ordentleg måte
 - visa andre respekt og la deira og skulen sine eignedelar vera i fred
 - ikkje plaga, sjikanera eller mobba nokon, verken fysisk, psykisk eller verbalt
 - arbeida for eit godt lærings- og skolemiljø

C: Kvar gjeld ordens- og åtferdsreglane?

- Ordens- og åtferdsreglane gjeld i skulebygningane, ute på skuleområdet, på vegn til / frå andre undervisningsstader, på skuleturar og på skulevegen.

D: Når gjeld ordens- og åtferdsreglane?

- Ordens- og åtferdsreglane gjeld i skuletida – det inneber timar, friminutt, aktivitetar som t.d. skuleturar – i ventetida før / etter skuletid og på



skuletilstellingar utanom vanleg skuletid. Generelt gjeld ordensreglementet for alle aktivitetar i skulen sin regi uavhengig av stad.

E: Slik vil me ha det på skulen vår:

Me ønskjer at elevane skal ha god orden. Døme på god orden er å

- møta presis på skulen og til undervisninga
- ha skulesakene i orden
- ha med naudsynte læremiddel og utstyr
- gjera arbeidet ein vert pålagt så godt ein kan og til rett tid

Me ønskjer at elevane skal ha god åtferd. Døme på god åtferd er å

- vera trivelege og høflege mot kvarandre
- vera rolege i timane
- vera på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen
- ikkje banna eller bruk grovt språk
- unngå å gjera skade på skulebygning, inventar, materiell og på eigedelar til medelevar

Andre reglar for korleis me vil ha det på skulen vår:

- Sykling innan skuleområdet i skuletida er ikkje tillate utan at det er organisert av skulen.
- Ingen må gå utanfor skulen sitt uteområde utan særskild løyve frå lærar.
- Ingen må fuska eller forsøka å fuska på prøvar eller innleveringar.
- Det er ikkje tillate å ta med eller bere kniv, våpen eller andre farlege gjenstandar som kan skada ein sjølv eller andre.

F: Skolemiljø:

Me tek omsyn til kvarandre slik at ingen vert plaga, erta, haldne utanfor eller utsette for annan sårande oppførsel, jf. kapittel 9A i opplæringslova og punkt B ovanfor.

I tillegg har me desse føringane for eit godt skolemiljø:

- Innandørs skal me bruka innesko.
- I tida mellom arbeidsøktene hjelper me til med å halda ro og god orden.
- Bruk av tobakk, snus, e-sigaretter eller andre rusgifter er forbode.
- Alle elevar er gjort kjende med IKT-reglement for grunnskulen i Luster.
- Elevar kan ha med mobiltelefon, smartklokker eller andre digitale medium på skulen, men desse skal liggja avslått i skulesekken eller på anna tilvist plass slik



at dei ikkje forstyrrar undervisninga. Digitale medium som t.d. mobil-telefon eller smartklokke kan berre nyttast på skulen etter avtale med lærar, rektor eller annan tilsett.

G: Brot på ordens- og åtferdsreglane:

Dersom du bryt ein av ordensreglane våre, så vil skulen reagera på ein eller annan måte. Men før det vert teke avgjerd om reaksjon, skal du få høve til å forklara deg.

Reaksjonar som kan koma på tale:

- Du vert tilsnakka av lærar eller ein annan vaksenperson.
- Åtvaring. Du vert snakka til rette og fortalt kva som kan skje neste gong.
- Merknad
- Føresette vert varsla – anten munnleg eller skriftleg.
- Nedsett karakter i orden eller åtferd
- Midlertidig inndraging av gjenstandar
- Alvorlege brot eller brot som gjentek seg kan føra til, jf. § 9A-11 i opplæringslova:
 - at eleven vert vist bort for enkelttimar eller resten av skuledagen (1.-7. trinn)
 - at eleven vert vist bort for enkelttimar, resten av skuledagen eller opp til tre dagar (8.-10. trinn)
 - at eleven vert vist bort frå ekskursjonar, leirskule, framsyningar eller liknande dersom åtferda til eleven tilseier det.

Døme på alvorlege brot: Valdsbruk, hærverk, tjuveri, ulovleg fråvær og krenkjande/ trugande åtferd overfor medelevar og lærarar.

H: Handsaming ved bortvising eller flytting av elev til annan skule

Rektor kan gjera enkeltvedtak om bortvising etter å ha rådført seg med læraren / lærarane til eleven. Enkeltvedtak skal grunngjevest, og det skal informerast om klagerett. Føresette til elevar på barnesteget skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av dagen.

Flytting til annan grunnskule i eller utanfor kommunen kan koma på tale når omsynet til dei andre elevane tilseier det, jf. opplæringslova § 8-1 siste ledd. Det er kommunalsjef oppvekst som handsamar og gjer enkeltvedtak om eventuell flytting av elev til anna skule.

I: Skadeerstatning:

Elevar kan verte erstatningsansvarlege etter erstatningsrettslege reglar. Føresette er erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova § 1-2.



8. Ordensreglar for Gaupne skule

1. Yttertøy og utesko skal plasserast på fast plass i garderoben.
2. Ball skal berre brukast ute. Ved bruk av ball inne, vert den beslaglagt neste friminutt. Ved gjentaking, resten av dagen.
3. Me tek vare på helsa vår og brukar snop berre ved spesielle høve.
4. Når me er på toalettet, skal me skylle ned doen og vaske hendene våre.
5. Me er ute i alle friminutt.
6. Fotball, handball, volleyball og andre aktivitetar gjer me på tilvist område. Det er laga ein strek på skuleplassen som markerer området for ballspel. På kunstgrasbana brukar me sko.
7. Kvar klasse skal ha ordenspersonar, men alle er likevel ansvarlege for å få til eit godt innemiljø.
8. Du skal alltid nytte hjelm når du syklar, brukar sparkesykkelen, rullebrett eller går på rulleskøyter.
9. Vis varsemd i trafikken på skulevegen. Bruk gangveg og fortau der det er mogeleg. Föl trafikkreglane og bruk hjelm. Syklar skal parkerast på tilviste plassar. Skulen gjennomfører sykkelopplæring på våren i 4. klasse, men foreldra kan bestemme at du får lov til å sykle til skulen før det.
10. Det er lov å bruke sparkesykkelen i skuletida. Dersom du brukar sparkesykkelen eller spark, skal denne parkerast på hjørnet av skulen v/døra til vaktmeistaren sitt lager. Rulleskøyter skal plasserast i garderoben. Rullebretta må plasserast på tilvist område utandørs. Dette skjer på eige ansvar. Dei skal ikkje hindre tilkomst til og frå skulen. Bretta må setjast med hjula opp for å unngå skader.
11. Rullebrett kan brukast på tilvist plass (på gangvegen ved gymsalen til ungdomsskulen) i friminutta, dersom ein har på seg naudsynt sikkerheitsutstyr.
12. Snøballkasting er på eige område. 1.-4. kl. bak skulen og 5.-7. kl. på kunstgrasbana mot elva. Ikkje kasting av snø andre stader.
13. Mobiltelefon er ikkje tillete på vanlege skuledagar. Brot på dette punktet fører til at mobilen vert konfiskert og levert til rektor/ inspektør. Føresette må hente den på rektor sitt kontor.
14. Data er eit arbeidsverktøy som skal brukast berre etter avtale med lærar. Brot på dette punktet kan føre til at eleven ikkje får nytte data på ei veke.
15. Alle gongane er stillesoner. Dette må respekterast av alle.
16. Elevar på småtrinnet skal ikkje gå opp på, eller opphalde seg på hemsen utan tilsyn av vaksne.

Dersom me bryt desse ordensreglane, er me med på å øydeleggja trivnaden på skulen vår.